



# DEN NORSKE KIRKE

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

## **Møtebok for Jondal sokneråd**

**Møtedato:** 30.10.2019  
**Møtetid:** kl. 18:00 og 19:00  
**Møtested:** Kyrkjelydskontoret

### **Tilstede kl. 18:00**

Magnar Sollesnes, Stein Ove Skadal, Marianne Eide, Iselin Buer Storli Håvik, Audun Bergh Seiness, Lise Marit B Fjellås, Berit Tuvin, vara Liv Lindskog, Liv Bente Steiro, Elin Eide

### **Meldt forfall:**

Nina Nordeide Torsnes.

### **Tilstede kl. 19:00 (Nytt Sokneråd)**

Magnar Sollesnes, Stein Ove Skadal, Anne Karin Stormyr, Karin Anne Utheim Gangdal, Tørres Mæland, Cecilie Styrmoen Stærnes, Anne Røymstad, Ingebjørg Grøtt, Åse Marit Jørgensen, vara Marit Hesvik, vara Maria Eide Sørheim, vara Kristine Utheim Gangdal, Liv Bente Steiro

Møtet vart todelt kor det gamle soknerådet møtte kl. 18 og det nyvalde soknerådet møtte kl. 19.

### **Kl. 18:00: Avtroppende sokneråd**

Innkallinga vert godkjent og møteboka for dagens møte underskrives av Berit Tuvin og Audun B. Seiness.

Ved møtet 25.9.19 vert det vedtatt av sak 022/19 vert utsett til møtet 30.10.19, samt at sak 023/19 legges fram på nytt av kyrkjeeverjen med fleire opplysninger. Det vert innkalla til møte i PSU/arbeidsutvalet i begge saker, som ble held 29.10

### **FR Sak 022/19:**

Forslag til vedtak frå leiar i soknerådet, Marianne Eide: Stillinga på 10% vert avslutta 31.12.19, slik ein avtala då stillinga vart oppretta og då ho vart vurdert 3.gong.

Forslag til vedtak frå arbeidstakarrepresentant: Forslag til vedtak frå arbeidstakarrepresentant ser behovet for at stillinga vert videreført eit stykke inn i det nye året, for å avhjelpe det nye soknerådet og Jondal Sokn generelt med overgangen frå eitt sokns fellesråd til sokn i åttesokns fellesråd.

Forslaga vart sett opp i mot kvarandre, og forslaget frå leiar i soknerådet fekk 3 stemmer mot 1 stemme for forslaget til arbeidstakarrepresentanten. Forslaget med fleirtal vert lagt fram som forslag til vedtak i fellesrådet, forslaget til arbeidstakarrepresentanten vert og synleggjort i saka, samt protokollført.

Soknerådet stemmer over forslaget til soknerådsleder.

**Vedtak:** Enstemmig. Stillinga vert avslutta.

### **FR Sak 023/19:**

Møte i arbeidsutval 29.10.19: Vedtaket frå fellesrådsmøtet 25.9.19 står ved lag. Jondal Fellesråd ynskjer ikkje å oppretta eit fond slik som var føreslege i saksutgreiinga.

**Vedtak:** Vedtaket står ved lag med 7 mot 1 stemme.



# DEN NORSKE KIRKE

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

## **Tilleggsak FR: Ferie/lønn kyrkjevevje vikar stillinga.**

Kyrkjevevjevikar har 5 veker ferie i 2019, og har berre tatt ut ei veke ferie. Fellesrådet ynskjer at fellesrådsleiar og Magnar Sollesnes finn ei løysing ved at dei ferieveker som ikkje blir tatt ut innan 31.12.19 blir utbetalt som løn i desember 2019.

Etter at desse sakene vert gjennomgått, vert det ei hyggestund med kaker og kaffe. Leiar Marianne Eide held ein liten takketale for soknerådet og delte ut blomster til kvar enkelt.

## **Kl. 19:00 Nytt sokneråd:**

Avtroppande leiar og nestleiar, Marianne Eide og Berit Tuvinn ynskjer det nye soknerådet velkommen og lykka til for dei neste 4 åra.

Kyrkjevevje vikar Magnar Sollesnes ynsker velkommen og gjev ei kort innføring i soknerådet sine oppgåver og roller og om kor viktig eit velfungerande Sokneråd er for kyrkjelyden.

**Saker nytt sokneråd:** Sak 025/19 konstitusjon av nytt råd vert behandla først.

## **Sak 024/19 LysVaken**

*Vedtak:*

Sekretær Liv Bente Steiro kontakter Soknerådet når ein har oversikta over kor mange vakter som trengs, og lager vaktliste.

## **Sak 025/19 Konstituering av nytt sokneråd 30.10.19**

*Vedtak:*

Cecilie Styrmo Stærnes er vald til leiar og Anne Røymstad er vald som nestleiar for Jondal Sokneråd med verknad frå 1.11.19

Tørres Mæland er vald som fellesrådsrepresentant

Cecilie Styrmo Stærnes er vald som vara for fellesrådsrepresentant.

Val av sekretær vert utsett til neste møte.

## **Jondal Sokneråd frå 1.11.19:**

Medlemmar:

Cecilie Styrmo Stærnes – leiar

Anne Røymstad – nestleiar

Tørres Mæland – fellesrådsrepresentant

Karin Anne Utheim Gangdal

Ingebjørg B.P.Grøtt

Åse Marit Jørgensen

## **Varamedlemmer:**

Marit Hesvik

Maria Eide Sørheim

Asta Nøkland

Kristine Utheim Gangdal

Anna Skogseth Gagnon



# DEN NORSKE KIRKE

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

## **Tilleggsak:**

Kantor Anne Karin Stormyr deltok og i møtet og informerte om kyrkjelydsarbeidet i Jondal Sokn (babysang, Solstråla barnekor, Ungdomskor, trusopplæring, samarbeid med Bedehus etc) Ho informerte og om kommande konsertar i Jondal Kyrkje. Ho fortel vidare om ulike utval, bl.a KMU – Kirkemusikalsk utval, kor det er ynskjeleg at soknerådet stiller med representantar. Soknerådsmedlem, Åse Marit Jørgensen er villig til å bli med i utvalet, og soknerådet gjer ho og Anne Karin mandat til å finne to andre som vil vere med i dette utvalet.

Neste soknerådsmøte er satt til onsdag 20.nov 2019 kl. 19:00 på kyrkjekontoret.

5.nov 2019 kl. 10:00 møter leiar Cecilie S. Stærnes, nestleiar Anna Røymstad, sokneprest Stein Ove Skadal og sekretær Liv Bente Steiro til planleggingsmøte.

For Jondal sokneråd

Liv Bente Steiro  
Vikar sekretær